


NTK BIBLIOTEKET


- 1 SEPT. 2004

bibliotek

Statens medieforvaltning årsmelding 2003



7
301.2
STATENS
MEDIE-
FORVALTNING.
ÅRSMELDING
2003




innhald

Forord	3
Oppgaver	4
Administrasjon	5
– Rekneskap	6
Kringkasting	8
– Regelverk	8
– Lokalradio	8
– Lokalfjernsyn	12
– Økonomien i lokalkringkastinga	13
– Satellittkringkasting	16
– Digital kringkasting	16
– Vidareformidling av kringkasting i kabelnett	16
– Vidaresending av kringkasting via privat omformar	17
– Tilsyn med regelverket om reklame og sponsing	17
– Tilsyn med innhald	19
– Europeisk programmateriale	20
– Klager på avgjerder frå NRK, lisensavdelinga	20
– Tilskotsordninga for lokalkringkasting	21
– Fagutvalsprisen	23
– Internasjonalt samarbeid	23
Presse	24
– Regelverket for pressestøtta	24
– Økonomien i dagspressa	26
Råd og utval	30
Vedlegg	
1. Styre, råd og utval	32
2. Konesjonærliste – lokalfjernsyn	34
3. Konesjonærliste – lokalradio	35
4. Produksjonstilskot til dagsaviser	41

9301.2 Statens medieforvaltning. Årsmelding 2003

forord



2003 var prega av ein omfattande debatt om dei statlege tilsyna i Noreg etter at regjeringa hadde gått inn for å omorganisere og også flytte mange av dei. Statens medieforvaltning er ei av dei verksemdene som blir omfatta av dei endringane som regjering og Storting har fastsett. Det er bestemt at

Statens filmtilsyn, Eigarskapstilsynet og Statens medieforvaltning skal samlast i Medietilsynet, som skal halde til i Fredrikstad. Kvar omorganisering og flytting er naturlegvis ei utfordring både for verksemdene og kvar einskild medarbeidar, og særleg flyttinga kan bli problematisk for somme.

Likevel er arbeidet med å planleggje den nye verksemda kome godt i gang, og dei tilsette i alle tre tilsyna tek konstruktivt del i prosessen. Det er all grunn til å gi honnør for dette, ikkje minst fordi arbeidet med nye utfordringar for mange kjem i tillegg til at dei må skjøtte ordinære arbeidsoppgåver, noko som igjen kan auke presset på alle tilsette i dei tre tilsyna.

Det er all grunn til å tru at eit nytt samla medietilsyn blir ein sterkare aktør i den omskiftelege medieutviklinga vi står overfor, og at overlappande og utfyllande kompetanse i dei tre tilsyna vil bidra til det. Ikkje minst vil evna til å skaffe seg overblikk over utviklinga og å fornye kunnskapar og innsikt vere viktig sidan arbeidsoppgåvene til eit offentleg medietilsyn etter kvart truleg kjem til å omfatte rådgiving og informasjonsarbeid i like stor grad som den tradisjonelle handhevinga av reglar. Samtidig skal tilsynet forvalte store samfunnsmidlar til beste for mangfald og utvikling.

Sjølv om det verkar som om utviklinga på mediesektoren skjer raskt og dramatisk, skal ein ikkje undervurdere det kjende og omstendelege. Vi har til dømes ei ordning med pressestøtte som er med på å halde ved lag ein avisflora med både meiningsbry-

ting og lokal forankring. Vi er framleis eit sterkt aviskonsumerande folk. Men det er også klart at mange aviser slit med økonomien, noko som har ført til store omstillingar også i store aviser. Etter eit kutt i produksjonsstøtta i revidert nasjonalbudsjett blei tilskotsramma noko lågare i 2003 enn året før.

Også på kringkastingssida er det økonomiske utfordringar. Både lokalradio og lokalfjernsyn gjekk samla med underskot i 2003. Men medan ein på radiosida såg ei viss betring av resultata, opplevde ein på fjernsynssida ei betydeleg forverring.

I 2003 fekk Kanal 24 konsesjon for riksdekkjande reklamefinansiert radio i konkurranse med blant andre P4. Det er Kultur- og kyrkjedepartementet som deler ut konsesjonane for riksdekkjande kringkasting, men frå 2004 er det Statens medieforvaltning som har tilsyn med at allmennkringkastarane følgjer dei konsesjonskrava dei har forplikta seg til.

To saker om politisk reklame på fjernsyn har vore blant dei prinsipielt mest interessante i 2003. Både TV 2 og TV Vest fekk gebyr for å ha brote lova då dei sende reklame for politiske parti i samband med kommunevalet hausten 2003. Medieforvaltninga meiner at det norske forbudet står seg både i forhold til det Grunnlova seier om ytringsfridom, og i forhold til Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Avgjerda har fått medhald i klage- og rettsbehandlinga så langt, men er anka vidare.

Utviklinga på så vel presse- som kringkastingssida fører til at ein stadig må justere system, lover og forskrifter. Også i 2003 har det vore ei viktig oppgåve for Statens medieforvaltning å bidra med utgreiingar, utkast og høyringsfråsegner. Det blir også lagt mykje arbeid i å vere med på og følge opp reguleringa av medieutviklinga internasjonalt, ikkje minst innanfor EU/EØS-området.

Tom Thoresen

Tom Thoresen

NORSK RIKSKRINGKASTING
BIBLIOTEKET

N12<101149620705



NRK
BIBLIOTEKET

98646

årsmelding 2003

OPPGÅVER

Dei sentrale oppgåvene for Statens medieforvaltning er å:

- tildele konsesjon til å etablere og drive kringkasting og lokalkringkasting
- tildele konsesjon til å etablere og drive digital kringkasting og satellittkringkasting
- føre tilsyn med at lokalkringkastingsverksemda blir driven slik det er føreset
- føre tilsyn med at det ikkje oppstår eigarkonsentrasjonar som strir mot regelverket, jf. kapittel 7 i forskrift om kringkasting
- føre tilsyn med og sjå til at kringkastingselskapa held seg innanfor regelverket om reklame og sponing
- føre tilsyn med forbod og tidsreglar for programtilbod som kan vere til skade for barn og unge, og med straffbart innhald i program som blir formidla vidare i kabel
- føre tilsyn med EØS-kravet om europeisk programdel med meir
- vere klageorgan for NRK, Lisensavdelinga for klager på kringkastingslisensen
- administrere pressestøtta i tråd med gjeldande regelverk
- forvalte ordninga om tilskot til lokalkringkastingsføremål
- utføre sekretariatsoppgåver for Allmennkringkastingsrådet
- stille med sekretær for Stiftelsen Klar Tale
- gi råd til og greie ut spørsmål på medieområdet for Kultur- og kyrkjedepartementet

administrasjon

Ved utgangen av 2003 sysselsette verksemda 17 personar med til saman 16, 1 årsverk, medrekna 0,6 årsverk til reingjering.

Direktør Tom Thoresen leier verksemda, som er organisert i to fagavdelingar: Presse- og administrasjonsavdelinga og Kringkastingsavdelinga.

Presse- og administrasjonsavdelinga behandlar søknader om pressestøtte og søknader om midlar til bruksretta medieforskning, i tillegg til å ha ansvaret for dei administrative funksjonane til verksemda.

Kringkastingsavdelinga behandlar søknader om konsesjon til lokalkringkasting, satellitt-kringkasting og vidaresending av kringkasting. I tillegg fører avdelinga tilsyn med reglane om reklame og sponning i regelverket om kringkasting. Avdelinga har også ansvaret for å behandle og tildele tilskot til lokalkringkastingsføremål.

Statens medieforvaltning ytte i 2003 sekretærbistand til Allmennkringkastingsrådet og Stiftelsen Klar Tale. Verksemda var i tillegg sekretariat for:

- Rådet for bruksretta medieforskning
- Støtteutvalet for dagsaviser
- Støtteutvalet for innvandrapublikasjonar
- Fagutvalet for tilskot til lokalkringkastingsføremål

Statens medieforvaltning legg vekt på å ha ein nær og god kontakt med organisasjonane på medieområdet og andre som arbeider med mediespørsmål. Verksemda har derfor også i 2003 vore representert på årsmøta til bransjeorganisasjonane innanfor presse og kringkasting. Verksemda har også delteke på fleire fagkonferansar i Europa og hatt møte med europeiske styresmakter på medieområdet.

REKNESKAP

Drift

Statens medieforvaltning fekk 10,76 millionar kroner over statsbudsjettet i 2002 til å dekkje løns- og driftsutgifter. I tillegg utgjorde driftsløyvinga til Allmennkringkastingsrådet 600 000 kroner i 2002. Driftsrekneskapen for 2002 viser følgjande tal:

Post	Rekneskap	Løyving
011 Lønn og godtgjeringar	6 857 399	
012 Varer og tenester	3 968 070	
Sum post 01 driftsutgifter	10 825 469	10 840 841

Midlane til drift av Allmennkringkastingsrådet er med i rekneskapen.

Tilskotsordningar


Post	Rekneskap	Løyving
Pressestøtte	290 197 820	290 561 000
Lokalkringkastingsføremål	12 899 074	16 729 275
Totale tilskotsmidlar	303 096 894	307 290 275

Om lag 3,5 millionar kroner av løyvinga til lokalkringkastingsføremål gjaldt løyvde midlar til Audiovisuelt produksjonsfond, som tidlegare forvalta tilskotsordninga. Restmidlane i tilskotsordninga kan overførast til budsjettåret 2003.

For nærare opplysningar om dei ulike støtteordningane våre viser vi til eigen omtale i årsmeldinga.

ORGANISASJONSKART PER 31.12.2003

STATENS MEDIEFORVALTNING



kringkasting

REGELVERK

Ansvar og oppgaver er knytte til følgjande lover og forskrifter:

- Lov om kringkasting av 4. desember 1992
- Forskrift om kringkasting, fastsett ved kongeleg resolusjon 28. februar 1997
- Forskrift om konsesjonsområder for lokalfjernsyn, fastsett ved kongeleg resolusjon 25. august 1995
- Forskrift om lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendere, fastsett ved kongeleg resolusjon 22. november 1996
- Forskrift om konsesjonsområder for lokalradio, fastsett av Statens medieforvaltning 10. oktober 2000
- Forskrift for tilskudd til lokalkringkastingsformål, fastsett av Kulturdepartementet 7. september 2001
- Forskrift om fjernsynsmottakere, fastsett av Norsk rikskringkasting 23. oktober 1980
- Retningslinjer for samsendinger i lokalradio, fastsett av Statens medieforvaltning 2. september 1998

LOKALRADIO

Konsesjonar


Talet på lokalradiokonsesjonar var 267 ved utgangen av 2003, mot 277 året før. Somme av konsesjonane som var tildelte for inneverande periode, er ikkje blitt tekne i bruk, medan bortfall av andre årsaker står for resten av nedgangen i konsesjonstalet. Samla er

elleve konsesjonar sletta i 2003. To nye konsesjonssøknader er behandla, den eine er godkjend, medan den andre har fått avslag.

I løpet av året har ein avslutta fleire saker av som på ulikt vis er knytte til tildelinga av konsesjonar (sendetidsfordeling, klager og liknande).

I 2003 har SMF behandla fleire enkeltsaker som handlar om korleis dei allmenne konsesjonsvilkåra for lokalradio er følgde opp. I samband med behandling av årsmeldingar frå lokalkringkastingskonsesjonærane fekk 36 lokalradiokonsesjonærar åtvaring for ikkje å ha levert årsmeldinga i tide. Sju av dei elleve konsesjonane som blei sletta i 2003, er sletta på grunn av manglande årsmeldingar.

Utviklinga i talet på lokalradioar



Konsesjonsområde

Ved utgangen av 2003 er landet delt inn i 148 konsesjonsområde for lokalradio. Områda er fastsette i forskrift. Til å byrje med omfatta konsesjonsområda ofte berre éin kommune. Etter kvart har område blitt større, og det vanlege er no at konsesjonsområda omfattar fleire kommunar som høyrer saman kulturelt og handelsmessig. I tillegg til dei største byane er det først og fremst i Nordland fylke at det er mest utbreidd med konsesjon i enkeltkommunar.

I 2003 har Statens medieforvaltning endra åtte konsesjonsområde. Det er lokalradiokonsesjonærar som har teke initiativ til alle endringane i korleis konsesjonsområda er inndelte. I hovudsak har konsesjonærane ønskt å innlemme éin eller fleire kommunar i lokalradio

tomme område i området til den aktuelle lokalradioen. Vedtaka våre om områdejusteringar har med eitt unntak ført til at konsesjonærane har fått utvida det geografiske området sitt.

Sendarnett

Etter ein nasjonal frekvensplan er det sett av frekvensar til sendarnett i kvart av konsesjonsområda. Kvart sendarnett kan bestå av frå éin til ti frekvensar for at dekninga i konsesjonsområdet skal vere godt.

Somme konsesjonsområde for lokalradio har fleire enn eitt sendarnett. Dette gjeld dei største byområda og nokre få av dei andre områda, til saman ti område. Som regel er det radiokonsesjonærane i området, kvar for seg eller i samarbeid, som har konsesjonane. Den som får tildelt konsesjon for sendarnett i eit område, pliktar å stille det til disposisjon for lokalradiokonsesjonærar i det same området.

Skal Statens medieforvaltning tildele konsesjon for å opprette og drive lokalradionett, føreset det mellom anna at nettet er teknisk godkjent, og at ein har fått løyve om bruk av frekvens frå Post- og teletilsynet.

Løyve til å opprette sendarnett etter kringkastingslova (anleggskonsesjon) blir gitt etter samråd med Post- og teletilsynet. Statens medieforvaltning har teke initiativ til å etablere fastare retningslinjer for korleis denne samordninga skal gå føre seg i praksis. Arbeidet med dette blir avslutta våren 2004.

Ved utgangen av 2003 er det 150 konsesjonar til å opprette og drive sendarnett for lokalradio. Alle etablerte sendarnett for lokalradio, med unntak av to, er no konsesjonerte. Dei fleste av sakene som er behandla i 2003, er knytte til avgjerder i klagesaker og tilpassingar etter den ordinære tildelingsrunden for lokalradiokonsesjonar.

Lokalradiokjeder

Eit dominerande utviklingstrekk dei siste åra er kjeder av lokalradioar med felles varemerke, musikkformat og identitet retta mot yngre målgrupper. Det gjeld for det første selskapet eller heileigde dotterselskap som har fått tildelt konsesjon i fleire område. Det er også radiokjeder som har oppstått ved at kjedeselskap kjøper seg inn som majoritetseigar i fleire radiostasjonar etter at lokale selskap har fått tildelt konsesjon. Radio 1 Norge, NRJ Norge, Power Hit Radio og Jærradioen er blant dei største kjedene.

Samsendingar

Samsendingar er samtidig kringkasting av felles lokalprodusert programmateriale. Radiostasjonar i inntil tre naboområde kan samsende i inntil 25 prosent av den daglege sendetida til den enkelte radiostasjonen. Når det gjeld små radioar med knappe ressursar, kan ein etter søknad gi høve til å samsende meir enn 25 prosent av sendetida.

31 lokalradioar opplyser om at dei nyttar høvet til å samsende innanfor denne ramma per 2003. Dette er ein markert nedgang frå året før.

Vidaresending i lokalradio

Lokalradioar har også høve til å vidaresende eksternt programstoff med inntil 25 prosent av eiga dagleg sendetid. Det er særleg nyheitssendingar og programinnhald med musikk som er aktuelt for vidaresending.

85 lokalradioar har nytta seg av høvet til å vidaresende i 2003.

Sendingar for etniske og språklege minoritetar

Per 2003 er det registrert 57 konsesjonar for lokalradioar som rettar seg mot etniske og språklege minoritetar. Dei fleste av desse radioane er i Oslo.

Til saman blei det produsert nesten 11 000 timar med framandspråklege program i 2003. Dette er over 1000 timar meir enn året før.

21 ulike språk er representerte. Fire stasjonar sender på samisk, og programma er særleg retta mot den samiske befolkninga.

Eigarendringar

Statens medieforvaltning har behandla 25 saker om endringar i eigarforholda. Dette er ein liten nedgang frå året før. Det er framleis ein tendens til at den same eigaren kjøper fleire stasjonar (kjededanning). Den største private radiokjeda i Noreg, Radio 1 AS, skifta eigar i 2003. Dei tidlegare eigarane, Norsk Aller AS og Clear Channel Norge, selde selskapet til det internasjonale mediekonsernet Scandinavian Broadcasting Systems (SBS). Selskapet eig frå før 49,3 prosent av aksjane i TVNorge AS. Statens medieforvaltning gjekk ikkje imot overtakinga.

Korttidskonsesjonar til lokalradio

Statens medieforvaltning kan gi konsesjon til tidsavgrensa lokalradioverksemd knytt til spesielle lokale arrangement og liknande som ikkje blir dekt av dei vanlege radiostasjonane. Søknadene gjeld stort sett sendingar frå årlege lokale hendingar og arrangement av kulturell eller religiøs karakter. Ein føresetnad for korttidskonsesjon er at det finst tilgjengelege frekvensar.

Ein har gitt løyve til åtte konsesjonar for tidsavgrensa lokalradioverksemd i 2003. Ingen søknader er avslått.

LOKALFJERNSYN

Allment bakkesendt lokalfjernsyn

Det er i alt 29 konsesjonsområde for allment bakkesendt lokalfjernsyn. I motsetning til det som gjeld for lokalradio, har konsesjonærane ein einerett til bakkesendt allment lokalfjernsyn i områda sine.

Konsesjonar for allment bakkesendt lokalfjernsyn gjeld i sju år frå 1. januar 2003.

Det er no i alt 22 konsesjonærar. Av desse har éin konsesjon i to område. Ein av konsesjonærane (TV Finnmark AS) gjekk konkurs i 2003. Elles har det ikkje vore endringar.

Samarbeid og vidaresending

Etter kringkastingsforskrifta § 7–9 har dei lokale allmennfjernsynsstasjonane høve til å vidaresende fjernsynsprogram frå ein satellittkanal. Føresetnaden er at Statens medieforvaltning skal godkjenne ein skriftleg avtale. Avtalen skal innehalde særskilde reglar om redaktøransvar, programutveksling, kompetanseutvikling m.m. Bortsett frå TV Vestfold, TV Drammen, Asker og Bærum Lokal-TV, TV Follo og TV Nordvest er lokalfjernsynskonsesjonærane med i eit samarbeid med TVNorge.

Lokalfjernsyn i kabelnett

Konsesjonsplikta for drift av kringkasting i kabelnett fall bort 31. januar 2003 og blei erstatta med ei registreringsplikt.

Tre fjernsynskringkastarar i kabel blei registrerte etter den nye ordninga i 2003. Ved utgangen av året er det registrert til saman 16 fjernsynsstasjonar i lokale kabelnett.

Lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendarar

Ordninga med lokalfjernsyn på bakkenettet til NRK2 gjer at livssynsorganisasjonar og ideelle organisasjonar kan sende fjernsyn når NRK sjølv ikkje nyttar sendarane. Sendingane skal ikkje innehalde reklame. Ordninga tok til i 1996 og gjeld for tre år om gongen. Den andre konsesjonsperioden gjekk ordinært ut ved årsskiftet 2002–2003, men blei forlengd fram til 31. mars 2003.

Det blei i 2003 gitt 14 konsesjonar for ein ny treårsperiode. Tretten av desse var fornyingar av konsesjonar. I alt er det registrert 14 konsesjonar per 31.12.2003. Ordninga er framleis mest populær i Oslo.

Eigarskap i lokalkringkasting

Overføring av meir enn ein tredel av eigardelane i eit selskap med konsesjon for lokalradio eller lokalfjernsyn krev godkjenning frå Statens medieforvaltning. Det er ikkje registrert større eigarendringar i lokalfjernsynsselskapa i 2003.


ØKONOMIEN I LOKALKRINGKASTINGA

Lokalradio

Av 267 konsesjonærar har 256 levert årsmelding for 2003. Bland desse er alle dei største stasjonane.


Nøkkeltala som er rapporterte inn, viser at bransjen sett under eitt framleis går med underskot. Omsetninga steig frå 251 millionar kroner i 2002 til 256 millionar i 2003. Dette svarer til ein auke på 2 prosent – det same som året før. I same perioden er kostnadene reduserte frå 280 millionar kroner i 2002 til 276 millionar kroner i 2003. Dette svarer til ein reduksjon på 1,5 prosent, i motsetning til året før, då det var ein auke på 2 prosent.

Inntektene og kostnadene fordelte seg slik i 2003:



Resultata varierer mykje. Av dei 256 stasjonane vi har tal frå, har 159 positive resultat og 93 negative resultat. Frå året før har det dermed vore ein gledeleg auke av stasjonar med positive resultat (63 prosent mot 54 prosent i 2002).

Enkeltresultata varierer frå pluss 4,5 millionar kroner til minus 11,0 millionar kroner. Dei største negative resultata kjem frå somme kommersielle stasjonar i dei største byane. Elles har bransjen samla sett hatt ei positiv økonomisk utvikling i 2003.



Lokalfjernsyn

22 fjernsynsselskap har konsesjon til allment bakkesendt lokalfjernsyn, og alle har levert årsmelding for 2003.

Nøkkeltala som er rapporterte inn, viser at bransjen samla sett har gått med underskot også i 2003. Resultata er jamt over betydeleg forverra frå året før.

Den samla omsetninga fall frå 182 millionar kroner i 2002 til 164 millionar kroner i 2003. Kostnadene er i den same perioden reduserte frå 200 millionar kroner til 197 millionar kroner. Dette gir eit samla underskot på 33 millionar kroner, mot 18 millionar kroner året før. Enkeltresultata varierer frå minus 8 millionar kroner til pluss 1,4 millionar kroner.



Sjølv om vi held stasjonen i Oslo, som er relativt nystarta, utanfor, er resultata likevel jamt over betydeleg forverra frå året før. Det kjem hovudsakleg av to høve:

Inntektene og kostnadene fordelte seg slik i 2003:

FORDELING AV INNTEKTER LOKALFJERNSYN



FORDELING AV UTGIFTER LOKALFJERNSYN



Ein reforhandla TVNorge-avtale har gitt bransjen reduserte inntekter. Dei selskapa som ikkje har fornya avtale med TVNorge, og som sender i såkalla «loop», har ikkje fått ut positive resultat av omlegginga.

SATELLITTKRINGKASTING (RADIO OG FJERNSYN)

Konsesjonsplikta for drift av satellittkringkasting fall bort 31. januar 2003 og er erstatta med ei registreringsplikt. Det blei i 2003 registrert éin ny fjernsynskringkastar over satellitt. Ved årsskiftet var det registrert til saman åtte.

Det er ikkje registrert satellittradioar.

DIGITAL KRINGKASTING

Det riksdekkjande nettet for digital radiokringkasting (DAB) er førebels utbygd til å dekke om lag 60 prosent av befolkninga, men talet på mottakarar er framleis lågt. NRK, Radio 2 Digital og P4 har tidlegare fått løyve til å sende på riksnettet.

Statens medieforvaltning har i 2003 gitt Norkring AS mellombels konsesjon til å etablere og drive eit regionalt DAB-nett i oslofjordområdet. Vilkåret for konsesjonen er at ein berre kan distribuere sendingane frå NRK på nettet.

Når det gjeld digitalt bakkenett for fjernsyn, har saka vore til behandling i Kultur- og kyrkjedepartementet og seinare i Stortinget.

VIDAREFORMIDLING AV KRINGKASTING I KABELNETT

Abonnentmassen for kabelnetta i Noreg tel i dag om lag 840 000 husstandar. Av desse har om lag 70 000 abonnement i digitaliserte nett.

Formidlingsplikt

Kabelnetta pliktar å formidle fjernsynssendingane frå NRK (1 og 2), TV 2 og allment bakkesendt lokalfjernsyn. Dei sendingane plikta gjeld for, skal vere lett tilgjengelege for alle abonnentane i nettet.

Vi har fått få spørsmål om dette i 2003. Eitt av dei har dreidd seg om vilkåra for vidare-sending i digitaliserte nett.

Abonnementval i kabelnett

Kabelseelskapa pliktar å undersøkje kva programkanalar som fleirtalet av abonnentane ønskjer skal bli formidla gjennom ei felles programsamansetjing. Regelverket stiller ikkje konkrete krav til korleis ein skal gjennomføre eit slik abonnentval, eller til kor ofte ein skal gjere det. I 2003 blei det gjennomført ei landsdekkjande undersøking blant abonnentane i alle kabelnetta som UPC eig.

Statens medieforvaltning behandlar tvistar mellom kabeloperatør og representative grupper av abonnentar som gjeld formidling av program. Behandlinga gjeld ikkje enkeltabonnentar.

Svært mange har kontakta Statens medieforvaltning i samband programval som dei største kabelseelskapa har gjort, dei fleste er enkeltabonnentar. I hovudsak dreier det seg om spørsmål og protestar etter det programvalet Telenor Avidi gjorde i 2002, og etter programvalet i nettet til UPC i slutten av 2003. Mange har også kontakta oss med reine forbrukarspørsmål som ligg utanfor avgjerdsområdet til Medieforvaltninga.

VIDARESENDING AV KRINGKASTING VIA PRIVAT OMFORMAR

Ordninga med vidaresending gjeld for område der husstandane ikkje kan ta imot kringkastingsendingar direkte med eiga antenne. Topografiske forhold er som oftast årsaka til at ein i slike område, såkalla «skuggeområde», ikkje kan ta imot fjernsynssignala. Ved utangen av året var 63 konsesjonar til vidaresending av kringkasting via lokale omformarar registrerte hos Statens medieforvaltning. Dette er ein auke på ni frå året før.

TILSYN MED REGELVERKET OM REKLAME OG SPONSING

Statens medieforvaltning er tilsynsorgan for reklame- og sponsereglane i kringkastingslova og kringkastingsforskrifta. Somme av reglane blir handheva av andre statlege organ. Det gjeld Forbrukarombodet med omsyn til reglane som gjeld reklame retta mot barn, og elles tek respektive tilsynsorgan seg av brot på reklameforbodet for tobakk, legemiddel m.m.

Reklamereglane stiller mellom anna krav til kva program ein kan avbryte med reklame, kor mykje reklame ein kan sende, forbod mot skjult reklame og salsfremjande produktomtale m.m. Sponsorreglane forbyr sponing av visse programtypar og inneheld retningslinjer for korleis sponsorplakatane skal vere utforma, forbod mot omtale av produkta til sponsor i programmet m.m. Brot på reglane kan sanksjonerast med åtvaring eller gebyr.

NRK

Statens medieforvaltning har behandla følgjande saker i 2003:

- Tre saker om ulovleg sponning av program. I ei av sakene fekk NRK åtvaring, to av sakene blir avslutta i 2004.
- Ei sak om salsfremjande vising av produktet til sponsor er avdekt, og NRK fekk gebyr på 175 000 kroner.
- Ei sak om produkteksponering knytt til introduksjonen av julekalenderserien i barne-tv. Konklusjonen var at dette var i strid med regelverket. NRK blei likevel ikkje ilagd sanksjon.
- Ei sak om salsfremjande vising/skjult reklame i samband med trekningane av Vikinglotto og Norsk Tipping. Saka er enno ikkje avslutta.

TV 2

Følgjande saker er behandla i 2003:

- Ei sak om salsfremjande omtale i barneprogram. Selskapet innretta seg etter vår forståing og endra programmet. Dermed vart varselet om sanksjonar kalla attende.
- Ei sak om salsfremjande omtale i eit program, denne saka blei ikkje behandla ferdig i 2003.
- Tre saker om ulovleg identifisering av sponsor, der eine saka førte til åtvaring. Ei sak vart lagd bort fordi TV 2 endra sponseplakaten. Ei sak er ikkje ferdigbehandla i 2003.
- Ei sak gjaldt sending av politisk reklame i strid med forbodet i § 3–1 i kringkastingslova. Selskapet fekk gebyr på kroner 70 000, og klaga på vedtaket til Markedsrådet.

TVNorge

- Tre saker om ulovleg tilleggsinformasjon og bruk av produktnamn i sponseplakatar.
- Ei sak om bruk av namnet til sponsor i programtittel og ulovleg salsfremjande tilvising til sponsorproduktet.

I to av sakene er det varsla sanksjon, og sakene blir avslutta i 2004.

Lokalfjernsyn

Følgjande saker er behandla i 2003:

- Det er henta inn åtte stikkprøvekontrollar av lokalfjernsyn, og desse har avdekt brot på regelverket hos fem av stasjonane. Det er varsla sanksjon i fire av dei. Endeleg vedtak blir gjort i 2004.
- Ei sak om politisk reklame i strid med forbodet i § 3–1 i kringkastingslova. Selskapet fekk eit gebyr på 35 000 kroner, og vedtaket er ført direkte inn for domstolane.

Riksdekkjande radio

Statens medietilsyn har ikkje prioritert systematisert tilsyn med radiosendingar i 2003. Følgjande saker er behandla:

- To kontrollar av sendingar på P4 på to ulike dagar. Kontrollen avdekte brot på reglane om identifisering av sponsor. Selskapet fekk sanksjon i form av åtvaring.

Når det gjeld riksradio, har Statens medieforvaltning i 2003 elles ikkje teke opp tilfelle som det har vore særleg grunn til å følgje vidare.

Lokalradio

Statens medieforvaltning gjorde innhaldskontroll av sendingane i ei lokalradiokjede. Saka blir avslutta i 2004. Elles har Medieforvaltninga ikkje ført systematisk tilsyn med reklame- og sponsoreglane i 2003.

TILSYN MED INNHOLD

Vern av mindreårige

Etter kringkastingslova er det forbode å kringkaste innhald som kan vere til alvorleg skade for den fysiske, psykiske eller moralske utviklinga til mindreårige. Statens medieforvaltning har også tilsyn med at det såkalla «vasskiljeprinsippet» blir respektert, det vil seie at program som kan vere til skade for den fysiske, psykiske og moralske utviklinga til mindreårige, ikkje må sendast før kl. 21.00.

Reglane er implementert i samsvar med artikkel 22 i EUs fjernsynsdirektiv, som også gjeld for EØS-området. Sjølv om reglane er felles for europeiske land, er det blant anna moralnormene i kvart enkelt land som bestemmer bruken av dei.

I 2003 er det behandla to saker på området:

- Ei sak om vasskiljeprinsippet. Saka vart lagd bort etter at TV 2 endra sendingane.
- Ei sak knytt til reglane om forbod mot kringkasting, og som gjaldt visinga av filmen «Sansenes rike» på NRK. Saka blei ikkje avslutta i 2003.

Vidareformidling av ulovleg innhald i kabel

Etter § 4–5 i lov om kringkasting kan Statens medieforvaltning forby at ein i norske kabelnett vidaresender fjernsynsprogram som sender pornografi eller vald i strid med norsk lov. Statens filmtilsyn skal uttale seg om slike vurderingar.

Statens medieforvaltning avslutta i 2003 ei sak om forbod mot vidaresending av hardporno i digitale kabelnett. Forbodet gjaldt UPC og Telenor Avidi som formidla tre utanlandske satellittkanalar med pornografisk innhald. Vedtaket om forbod blei sett i verk oktober 2003 etter at ESA hadde akseptert vedtaket, slik fjernsynsvedtaket [fjernsyns-direktivet?] krev. Vedtaket blei påklaga, men departementet heldt fast på det.

EUROPEISK PROGRAMMATERIALE

Noreg har i samsvar med det europeiske fjernsynsdirektivet lovfesta krav om at minst halvparten av sendetida til fjernsynsselskapa skal setjast av til europeiske verk. Denne delen blir rekna ut av den delen av sendingane som ikkje består av nyheiter, sport, underhaldningsprogram med konkurranseprega innslag, reklame eller tekstfjernsyn. Det er også eit krav at minst ti prosent av sendetida skal setjast av til program som er produserte av uavhengige produksjonsselskap. Reglane er gitte for å fremje produksjonen av europeiske program. Lokalfjernsyn har unntak frå desse reglane. Statistikk for europeisk programdel m.m. skal rapporterast til Statens medieforvaltning kvart år.

Vi har fått rapportar frå alle dei riksdekkjande tv-selskapa for 2002. TVNorge ligg framleis under kravet om 50 prosent europeisk del, men har auka delen til 35 prosent. Medieforvaltninga valde å ikkje gi åtvaring fordi ein såg ei klar forbetring.

På slutten av 2003 gjorde vi ein særskild kontroll for å sjå om kringkastarane kategoriserte programma etter forskrifta. Vi hadde ingen merknader.

Tala for dei norske fjernsynsselskapa for åra 1999 til 2003 er slik:

Kanal	Europeisk programdel					Uavhengige produksjoner					Nye produksjoner				
	1999	2000	2001	2002	2003	1999	2000	2001	2002	2003	1999	2000	2001	2002	2003
NRK 1	76	85	84	87	82	11	12	18	24	29	89	90	87	92	89
NRK 2	66	62	66	74	76	9	16	32	30	16	75	85	86	87	85
NRK Int.	76	90	86	-	-	11	9	17	-	-	89	71	70	-	-
TV2	55	56	57	57	53	19	29	19	21	23	96	95	97	95	85
TVNorge	22	20	23	32	54	22	20	23	32	53	89	100	98	99	100

KLAGER PÅ AVGJERDER FRÅ NRK OM KRINGKASTINGSAVGIFTA

Etter forskrift om kringkasting § 8-2 er det Statens medieforvaltning som er klageinstans i saker om kringkastingsavgift i vedtak fatta av NRK Lisensavdelinga. Vedtaka er endelege. Statens medieforvaltning overtok oppgåva med å behandle klager på kringkastingsavgifta frå Kultur- og kyrkjedepartementet 1. juni 2001.

SMF har i 2003 behandla tre klagesaker om frilicens, to klager frå lisensmottakarar som ikkje tar inn NRK 2, og fire klagesaker om ymse andre forhold.

I ei av sakene tok klagaren opp saksbehandlingstida med Sivilombodsmannen, som ikkje fann nokon grunn til å reise kritikk. Medieforvaltninga påpeika at den lange saksbehandlingstida (i hovudsak) og feil ved saksbehandlinga var knytt til behandlinga ved lisenskontoret til NRK.

TILSKOTSORDNINGA FOR LOKALKRINGKASTING

Statens medieforvaltning forvaltar tilskotsordninga for lokalkringkasting. Fagutvalet for tilskot til lokalkringkasting er eit rådgivande organ som gir sine innstillingar til Statens medieforvaltning. På bakgrunn av innstillingane frå fagutvalet gjer Statens medieforvaltning vedtak om tilskot. I 2003 hadde fagutvalet fire møte.

Tildelingar

Tilskotsmidlane blei lyste ut to gonger: Hovudutlysinga for tilskotsåret 2003 var hausten 2002 med søknadsfrist 4. november 2002. Ein ekstra søknadsomgang berre for kompetansehevande tiltak blei lyst ut våren 2003 med søknadsfrist 5. mai 2003.

I alt kom det inn 349 søknader med total søknadssum kr. 31 467 744,–.

Fordelinga var:

- 250 søknader frå radiobransjen med totalt søknadsbeløp på kr. 11 002 007,–
- 99 søknader frå tv-bransjen med totalt søknadsbeløp på kr. 20 465 737,–

Det var i alt:

- 139 søkjarar frå radiobransjen
- 42 søkjarar frå tv-bransjen (totalt for begge søknadsomgangane)

Av i alt 349 søknader kom det klagar på 15. Statens medieforvaltning gjorde ikkje om nokon av dei, og departementet held på vedtaka våre.

Gjennom tilskotsordninga fekk lokalkringkastingsbransjen totalt kr. 13 023 364,–

Fordelinga av desse midlane er som følgjer:

Driftsstøtte Norsk Lokalradioforbund (NLR)	1 750 000
Driftsstøtte Norsk Forbund for Lokal-tv (NFL)	1 750 000

Oversikt over tildelingar 2003 (tal i kroner):

RADIO


Programproduksjon	1 531 087
Kompetansehevande tiltak	1 320 393
Utviklingsprosjekt	570 792
Driftsstøtte til etnisk-språklige minoritetsradioar	977 000
SUM RADIO	4 399 272

TV

Programproduksjon	3 414 888
Kompetansehevande tiltak	344 204
Utviklingsprosjekt	1 235 000
SUM TV	4 994 092


TILDELT KONSESJONÆRAR LOKALRADIO 2001–2003

	2001	2002	2003
Etn. språkl.	921 000	830 450	977 000
Utviklingspr.	366 400	380 440	570 792
Kompetanse	866 941	1 944 963	1 320 393
Programpro.	1 843 591	1 702 566	1 531 087



TILDELT KONSESJONÆRAR FJERN SYN 2001–2003

	2001	2002	2003
Utviklingspr.	1 050 000	804 500	1 235 000
Kompetanse	111 680	425 884	344 204
Programpro.	2 845 600	3 207 500	3 414 888



Fagutvalsprisen

Fagutvalsprisen for 2002 blei delt ut på årsmøta til bransjane i 2003. Det blei totalt delt ut kr. 50 000,- til radio og kr. 80 000,- til fjernsyn.

RETTAR TIL FJERNSYNSOVERFØRING AV HENDINGAR SOM HAR MYKJE Å SEIE FOR SAMFUNNET

SMF har ikkje hatt saker knytte til dette saksfeltet i 2003.

SEKRETÆR FOR ALLMENNKRINGKASTINGSRÅDET

Statens medieforvaltning er sekretariat for Allmennkringkastingsrådet, som er eit rådgi-vande organ for Kultur- og kyrkjedepartementet. Sekretariatsfunksjonen dreier seg blant anna om å leggje til rette informasjon, førebu saker og møte, og å skrive utkast til den årlege rapporten om allmennkringkastingstilbodet.

Rådet blei oppretta i 1996 og har sju medlemmer. Rådet har som mandat å vurdere om programverksemda i NRK, TV2 og P4 samsvarer med prinsippa om allmennkringkasting. Evalueringa blir presentert i ein eigen rapport. Rapporten om programtilbodet i 2002 blei lagd fram i juni 2003. Rådet vurderer i rapporten det samla norske allmennkringkastingstilbodet som i hovudsak god. Rådet peikar likevel på forhold som ikkje er tilfredsstillande, slik rådet ser det. Blant anna trekkjer rådet fram tendensar til at konkurransen mellom allmennkringkastarane fører til aukande motprogrammering. Program som ein vurderer som smale ut ifrå tema eller kva publikum dei rettar seg mot, blir plasserte utanfor sentrale sendetider.

Heile rapporten frå rådet er tilgjengeleg på nettsidene til Statens medieforvaltning (www.smf.no).

INTERNASJONALT SAMARBEID

EPRA

Statens medieforvaltning er medlem av EPRA – European Platform of Regulatory Authorities. Det er ein samarbeidsorganisasjon for europeiske kringkastingsstyresmakter. Dei fleste europeiske landa er medlemmer. Medlemskapen gjev mellom anna tilgang til eit nyttig nettverk for kontakt og informasjonsutveksling. Organisasjonen hadde i 2003 to møte, i Napoli og Nicosia.

Kvart år blir det halde møte mellom kringkastingsstyresmaktene i Norden. I 2003 blei møtet halde i Helsingfors.

presse

Statens medieforvaltning administrerte følgjande tilskotsordningar på presseområdet i 2003:

- produksjonstilskot til dagsaviser
- tilskot til bruksretta medieforskning og etterutdanning
- tilskot til samiske aviser
- tilskot til innvandrapublikasjonar
- tilskot til visse publikasjonar
- tilskot til informasjonsverksemd i politiske parti
- distribusjonstilskot til avisene i Finnmark

REGELVERKET FOR PRESSESTØTTA

Då Stortinget behandla revidert nasjonalbudsjett for 2003, reduserte det ramma for å løyve produksjonstilskot med 6,4 millionar kroner til 232,4 millionar kroner. Dette førte til at tilskotsramma reelt gjekk ned med vel to millionar kroner i forhold til tilskotsnivået for 2002. Statens medieforvaltning utarbeidde på våren eit utkast til ein utrekningsmodell for produksjonstilskotet for 2003. Modellen gjorde at nedgangen i tilskotsramma blei fordelt med ein lik prosentsats for alle avisene i tilskotsordninga. Avisorganisasjonane slutta seg til forslaget til utrekningsmodell, og på bakgrunn av dette fastsette Kultur- og kyrkjedepartementet ei mellombels forskrift for å fordele produksjonstilskotet for 2003.

Følgjande tilskotssatsar blei lagde til grunn ved fordelinga av produksjonstilskotet for 2003:

- minstetilskotet til vekeavisene utgjorde 210 000 kroner
- det særskilde tilskotet til aviser med opplag mellom 1000 og 4000 eksemplar blei sett til 100 000 kroner
- det blei sett av 40 millionar kroner for å kompensere for inntektstap som følgje av endra retningslinjer for statleg annonsering av ledige stillingar. Aviser i Oslo får støtte etter sats 1 (100 prosent), aviser i Bergen etter sats 2 (20 prosent), avisene i Stavanger og Tromsø etter sats 3 (10 prosent), og resten av nr. 2-avisene etter sats 4 (5 prosent)
- minstebeløpet for inntektstap av statlege stillingsannonserar blei sett til 500 000 kroner for Oslo og Bergen, og til 200 000 kroner for resten av landet.

Det berekna tilskotsbeløpet til avisene etter satsane nemnde ovanfor, blei deretter redusert med 0,88 prosent på grunn av reduksjonen i tilskotsramma på vel to millionar kroner.

Aviser som får produksjonstilskot, kan ikkje betale utbyte til eigarane sine. For å følge opp behandlinga i Stortinget av stortingsmeldinga frå 2001 utarbeidde verksemda eit utkast til eit høyringsbrev om ei dispensasjonsordning frå utbytteforbodet i forskrifta. Forslaget til dispensasjonsordning inneber at aviser som treng tilførsel av kapital i tråd med krava i aksjelova om forsvarleg eigenkapital, kan søkje Statens medieforvaltning om fritak frå utbytteforbodet for ein bestemt tidsperiode. Kultur- og kyrkjedepartementet sende saka til høyring i byrjinga av desember, med høyringsfrist 1. mars 2004.

